

Tekstproduksjonen til barn

av Agnete Vaags og Heidi Sandø

Barn møter tekstar tidleg i dei første leveåra sine, og mange av dei er nysgjerrige på bokstavar og ord. Når dei får innsikt i og forståing for at skrift er kommunikasjon, ønsker dei gjerne å utforske skriftspråket og skrive ulike tekstar sjølv. Det kan til dømes vere brev, ønskeliste til Julenissen, handlelister og forteljingar. Dei uttrykker eigne tankar, idear og kunnskap gjennom tekstane sine, og dei kombinerer gjerne fleire ulike modalitetar som til dømes teikningar, måleri, bokstavar og leikeskrift. Tekstproduksjonen til barn kan dermed seiast å vere *multimodal*. Det vil seie at barn tar i bruk og kombinerer fleire uttrykksformer for å formidle det som opptar dei (Hopperstad, 2013). Ein multimodal tekst er med andre ord ein samansett tekst som skaper meining gjennom å kombinere ulike modalitetar, som t.d. bilde, symbol, teikningar, filmar, skrift, lyder m.m. Tydinga av visuell kommunikasjon er stadig aukande i samfunnet vårt, og det er naturleg for barn å bruke bilde og skriftleg tekst saman (Høigård, 2013).

I dagens samfunn handlar lesing og skriving om å forstå og meistre mange ulike uttrykksformer, både kvar for seg og i samanheng med andre modalitetar. Tekst må derfor forståast som noko meir enn skrift på papir og verbalspråklege aktivitetar. Dei må òg omfatte bilde, lyd, grafiske framstillingar, gestar og bevegelsar (Sjøhelle, 2011). Dette er eit utvida tekstomgrep som er med på å definere kva den digitale tekstproduksjonen til barn kan vere. Det at barn uttrykker seg gjennom mange ulike medium, og at tekst blir forstått som noko

meir enn skrift, er eit viktig perspektiv å ta med seg i barnehagesamanheng (Jæger & Sandvik, 2019). Barn bruker dei ressursane dei til ei kvar tid har tilgjengelege i tekstproduksjonen sin (Kress, 1997, s.13). I barnehagar som tilbyr ulike digitale møteplassar, kan det med enkle grep leggast til rette for den digitale tekstproduksjonen til barn. Barn blir då gitt moglegheit til å kombinere endå fleire modalitetar i tekstane sine. I tillegg til teikningar, bokstavar og leikeskrift kan dei samansette tekstane til barn òg omfatte bilde, lyder, musikk, grafikk m.m. når digitale verktøy blir nytta som ein ressurs i utforskinga til barn av skriftspråket og produksjon av tekst.

Barnehagekvardagen byr på mange situasjonar der barn møter ulike tekstar. Desse situasjonane blir gjerne omtalte som *teksthendingar*. Digital litteraturformidling er eit døme på ei teksthending kor barn er aktive utan at dei sjølv produserer tekstar. I teksthendingane får barn erfaringar med kva tekstar er, kva dei kan brukast til, og ulike måtar å uttrykke seg på. Barn utviklar gradvis ei forståing for korleis ulike teikn på papir eller skjerm gir meining for dei sjølv og andre.

Når det gjeld arbeid med tekstproduksjon i barnehagen, så er det av tyding at det skjer med utgangspunkt i barnet sjølv og den naturlege forvitenskapen til barn og deira utforskande veremåte. Det handlar ikkje om at dei skal lære seg å skrive, men at dei skal få moglegheit til å leike med språk, symbol og tekst, og å utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråksuttrykk slik det er nedfelt i rammeplanen for barnehagen (Utdanningsdepartementet, 2017). Kreativ og skapande bruk av teknologi kan vere ein måte å møte føringane til rammeplanen på, viss barna blir gitte moglegheit til å vere produsentar i den digitale utforskinga si. Det munnlege språket til barn dannar grunnlag for skriving og



lesing. Det er derfor nødvendig at dei i løpet av barnehagetida må få ein innleiande kjennskap til skriving. Barna må gjerast kjent med koplinga mellom bokstavteikn og bokstavlyd gjennom lek med språket (Gjems, 2016, s. 25). Ei utforskande tilnærming til skriving høyrer heime i det daglege språkarbeidet til barnehagen, og pedagogisk bruk av digitale verktøy kan vere ein formålstenleg måte å gjere det på.

Skrijving som ein sosiokulturell aktivitet

Å tileigne seg tekst- og skriftspråkleg kompetanse blir i dag tydd som ein kunnskap som blir utvikla i det enkelte barnet gjennom deltaking i sosiale aktivitetar saman med andre menneske (Semundseth, 2013). Det blir derfor vurdert som ein sosiokulturell aktivitet. Samspelet med ein vaksen er viktig for barns språktileigning. Barn treng interesserte samtalepartnarar som gir respons, svarer på spørsmål og tar imot budskapet deira med begeistring (Høigård, 2013). Dette er sjølve kjernen i eit sosiokulturelt perspektiv på læring og ein viktig føresetnad for at barn skal tileigne seg kunnskap om tekstproduksjon og skriving (Semundseth, 2013). Personalet skal fungere som eit støttande stillas, slik at barna får moglegheit til både å utforske og utvikle seg. I fagfilmen kan vi sjå at Maria er aktiv og engasjert i samspelet med barna. Ho er merksam på barna sine ønsker og idéar, noko som er ein føresetnad for å skape gode prosessar i utforskinga av skriftspråket hos barn. I fagfilmen ser vi at appen «Bookcreator» blir nytta (sjå økt 4 for meir informasjon). Det handlar ikkje så mykje om bokstavar og skrift, men om at barna blir gitte moglegheit til å lage historier. Dei fantaserer, dramatiserer, bestemmer handlinga, fordeler roller, tar bilde og bestemmer kva tekstar som skal leggstil på bilda. Barna er skapande og utforskande produsentar i tekstproduksjonen sin. Det er dei som i fellesskap bestemmer handlinga til historia og kven som er med i ho. Ved å jobbe med

barna sine egne forteljingar i barnehagen, givast barna moglegheit til å bruke språket sitt kreativt (Fragell Darre, 2014). Barna får fortelje og dokumentere historiene sine gjennom multimodale tekstar der dei brukar både bilde, tekst og ulike onomatopoetikon (lydord som t.d. bang, au, plask, yeah) som finst tilgjengelege i appen, og som er gøy å bruke i bildeserien. Dette er ein fin måte å bruke digitale verktøy på i arbeidet med språk, og som er i tråd med forventningane til rammeplanen om at barn skal få utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråkuttrykk.

Her er eit døme på ein digital multimodal tekst som er laga av barn med litt hjelp frå tilsette ved Kastbrekka barnehage:



Å gje barna forkunnskapar

Det kan vere formålstenleg å starte med å gi barna nokon forkunnskapar når det gjeld lesing og skriving. Avdelinga der Maria jobbar starta med eit prosjekt om teikneseriar. Ho og fleire tilsette ved Kastbrekka hadde diskutert interessene til barn for teikneseriar, og at det ikkje finst så mykje av det generelt i barnehagar. Ifølgje Maria er teikneseriar ein eigen sjanger som bør supplere den kjente og kjæra bildeboka i barnekulturen. Han gir moglegheit for at barna skal kunne forstå leseretning, følge ei handling og gi sine egne tolkingar gjennom teikningar eller bilderuter som er stilt etter kvarandre i ei rekkefølge eller serie. Ho meiner at dette er ein forteljingskunst som gjer det enklare for barna å forstå korleis skriftspråket kan brukast til å formidle og å uttrykke seg. Ved bruk av bilde og minst mogleg tekst, så kan barna «lese» handlinga. Her er eit døme som dei har jobba med. I denne teikneserien er snakkeboblene erstatta med bilde slik at barna sjølv kunne «lese» historia:



Maria viser til at det å kunne få lese teikneseriane sjølv, kan bidra til at barna utviklar leselyst og motivasjon for skriving. På avdelinga deira er dei tilsette opptatt av å etablere gode samtalefellesskap. Barn lærer seg både å lytte til andre og å fortelje og snakke gjennom dialog med andre. Eit engasjert personale freistar å fremme motivasjon og interesse for at barna skal delta aktivt i samtalefellesskapet, og at dei skal føle seg inkludert. Gjennom teikneseriar kan



barn og tilsette vere likestilte, og bidra med undring, tankar, meiningar og tolkingar.

Når barna etter kvart skulle lage egne teikneseriar var det fleire som synest at det vart vanskeleg å teikna dei på ark. Då tok dei i bruk egne bildeseriar og appen Bookcreator i staden. Dette vart mykje enklare, og barna meistra det i stor grad sjølv. Stort sett ønskte dei likevel å ha med ein av dei tilsette på denne aktiviteten, for dei trong jo litt hjelp med å skrive inn tekst. Då barna hadde laga mange slike bildeseriar som låg tilgjengelege i appen spurde mange om å få lese dei eller at nokon skulle lese dei for dei. Dei var veldig engasjerte i denne aktiviteten, og dei ønskte heile tida å lage nye bildeseriar med nye roller og nye historier.

Munnleg språk som utgangspunkt for skriftspråk

Å anerkjenne tekstane til barn slik dei er og å gje barna tilstrekkeleg støtte når dei har behov for det, er ein viktig del av språkarbeidet i barnehagen. Maria gjev barna hjelp med å få skrive ned historia og handlinga som dei skaper. Det er eit viktig bidrag til barna si skriveutvikling. Barna bruker verbalspråket sitt, og Maria skriv tekstane deira ned. Slik blir barna kjent med at munnleg språk blir til skriftleg kommunikasjon. Det er ein føresetnad at barn erfarer at skrift har ei hensikt for at dei skal bli bevisste på kva tyding lesing og skriving har. I denne aktiviteten erfarer barna at tekst er kommunikasjon, og at dei kan formidle ein bodskap ved hjelp av skriftspråket. Dette kallast gjerne tekstskaping, eller å skrive med sekretærhjelp. Det barna seier blir omkoda til skrift medan dei ser på, noko som gir dei ei konkret erfaring med at skrift er nedskreven tale (Høigård, 2019). Dei kan lese historiene sine fleire gongar i fellesskap med kvarandre, og saman med søsken, foreldre og besteforeldre i ettertid. Slik gjer dei seg gode

erfaringar med skriftleg kommunikasjon, og dei lærer kva skriftspråket kan brukast til. Samtidig erfarer barna at det dei sjølv seier, får ein ny status når det blir skrive ned. Orda blir viktige og synlege i skrift (Høigård, 2019).

Referansar

Darre, C.F. (2014). *Kreativ bruk av digitale verktøy*. Oslo: Kommuneforlaget

Gjems, L. (2016). *Barnehagens arbeid med tidlig litterasitet på bars vilkår*. Bergen: Fagbokforlaget

Hopperstad, M.H. (2013). En toåring maler tekst. I: Hopperstad, M.H. (red). *Barn lager tekster*.

Oslo: Cappelen Damm akademisk

Høigård, A. (2019). *Barns språkutvikling muntlig og skriftlig*. (4. utgave). Oslo: Universitetsforlaget

Semundseth, M. (2013). Baking og bokstaver i barnehagen. I: Hopperstad, M.H. (red). *Barn lager tekster*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Utdanningsdirektoratet (2017). *Forskrift om rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver*.

Hentet fra: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>